Referat FAU-møte 05.05.2026

Til stades: Guro Grytli Seim, Heidi Svalestuen, Gunnar Gulliksen, Silje Midtbøen Fønnebø, Kristian Skogheim, Helene Stensrud Flatland, Ingrid Asdahl, Kamilla Minde, Gjermund (rektor), Liv Sandvik Jacobsen, Dag Henning Liodden Sørbø, Svenn Terje Bonde og Åsbjørg Hægeland.

SAK 1 – GODKJENNING

Innkalling og referat frå førre møte vart godkjende.

SAK 2 – REKTOR INFORMERER

Rektor orienterte om skulen sitt arbeid med Kunnskapsløftet og samarbeid med andre skular i Telemark dei siste tre åra.

Det blir arbeidd med organisering og bemanning for neste skuleår, med særleg fokus på tidleg innsats.

Det er venta mange elevar i 1. klasse neste skuleår. Skulen vurderer derfor fleksible løysingar, mellom anna mindre grupper og bruk av to lærarar.

Leirskuleopphaldet på Fevik maritime leirskule vart omtala som svært vellukka.

Det vart også orientert om MOT-programmet, som skulen vurderer å ta i bruk på 1.–2. trinn. Programmet skal mellom anna bidra til å styrkje elevane sitt mot, tryggleik og evne til å seie frå.

OPPFØLGING AV REGLAR, GRENSER OG ÅTFERD

Skulen opplever mellom anna auka fråvær, meir utagerande åtferd og nedgang i trivsel og motivasjon. Det vart understreka at godt samarbeid mellom skule og heim er viktig for å møte desse utfordringane.

FAU og rektor diskuterte korleis skulen og foreldra saman kan arbeide med grenser, respekt og handtering av utfordrande åtferd.

FAU støttar innspela frå skulen og ønskjer å bidra til å innhente synspunkt frå foreldra. Det vart føreslått at skulen kan presentere konkrete døme/case som utgangspunkt for diskusjon og innspel.

Det kom også forslag til formulering som kan sendast ut:

FAU hadde møte 5. mai, der rektor var til stades under relevante delar av møtet. For å skape eit godt samarbeid mellom heim og skule er det også ope for at rektor, leiinga, lærarar og skulen kan kome med sine innspel. I den samanhengen kom det opp ei sak som er svært relevant i dagens samfunn, men som dessverre også er eit problem vi har på vår skule. Rektor og resten av leiinga strekkjer ut ei hand for å forsøkje å få i gang ein betre dialog med heimane.

Temaet er elevar som har ei eller anna form for utagerande åtferd på skulen. Døme på dette kan vere at eleven går ut av timane for «å reke rundt i gangane». Lærar og/eller rektor prøver å hente eleven inn til timen. Den vaksne blir då møtt med stygg ordbruk og svært dårleg åtferd – rett og slett mangel på respekt for den autoritative personen i situasjonen. Eleven går ikkje inn i timen, men held fram med å reke rundt.

Det skulen ber FAU-gruppa ta opp med foreldra, er: Kva kan skulen gjere i slike situasjonar? Dei er litt rådville, då dei tiltaka dei har brukt før, ikkje fungerer på dei barna som har denne typen utagering. Kva for konsekvens skal ein gi? Kva kan fungere på lengre sikt? Og kva er det beste for både skulepersonell og elev, både på kort og lang sikt?

Vi er mange heimar med ulike foreldrestilar, så det kan vere mange gode råd og meiningar som kan vidareformidlast, diskuterast og kanskje nyttast i skulekvardagen. Vi i FAU stiller oss positive til at skulen tek dette på alvor, og ønskjer eit samarbeid med foreldra om dette temaet. Ta kontakt med …… om du har eit godt tips eller ei meining om dette.

SAK 3 – DUGNAD

Det vart orientert om gjennomført dugnad 27. og 29. april kl. 17–19, der det mellom anna vart sopa og vaska, måla gelender, blink og paradis, samt gjort mykje arbeid på leikestova med mellom anna ny måling, inventar og nytt vindauge. FAU takkar alle som bidrog, og spesielt Svein Tore for den store innsatsen på fritida.

Det vart diskutert om framtidige dugnader bør organiserast annleis, mellom anna med tanke på belastninga på 4. klasse i samband med 17. mai. Kanskje bør det berre vere 1.–3. klasse dersom dugnaden blir halden om våren. Det vart også føreslått å vurdere dugnad om hausten, då det er færre arrangement og andre dugnader.

FAU ønskjer betre avklaringar rundt praktiske spørsmål og føreslår at ein representant frå skulen/teknisk deltek ved framtidige dugnader. Rektor hadde innspel om at det kanskje kunne vere lurt å ha med ein lærar også. Rektor seier også at skulen set stor pris på engasjementet til FAU.

Det vart også teke opp spørsmål om tidspunkt for måling av skulen og moglegheita for at FAU kan kome med innspel i samband med budsjettarbeidet.

SAK 4 – KLASSEKASSER OG VIPPS

Det vart diskutert organisering av klassekasser og innbetalingar. Det vart understreka at innbetalingar til klassekasse som hovudregel skal vere frivillige, med særskilde forhold knytte til mellom anna Polentur. Det har vore praktisert ei løysing med kr 100 som blir innbetalt kvar haust og vår, men det er viktig å presisere at dette må vere ei oppmoding og ikkje ei plikt.

Skulen har kontoar som kan tildelast klassane, der foreldrerepresentant (eller annan representant) kan få tilgang til å administrere. Denne kontoen kan følgje klassen, og brukartilgang kan endrast etter kvart som representantane blir endra.

FAU diskuterte også korleis inntekter frå 17. mai til 4. klasse kan handterast gjennom Vipps. Det er ønskje om ei løysing som er enkel å vidareføre frå år til år, samtidig som midlane kan overførast til rett klassekasse. Det er oppretta ein organisasjon i Brønnøysund med Joakim som kontaktperson, då det er utfordringar med at skulen skal ha Vipps-konto.

Kamilla presenterte ulike løysingar for å handtere pengar i samband med dugnad, 17. mai og liknande frå Danielsen barne- og ungdomsskule. Mellom anna vart det presentert ei løysing med å opprette ein organisasjon for klassen for å få eige Vipps-nummer som kan følgje klassen. Dette kan medføre utfordringar med ein del administrering. Det er også problematisk dersom pengar skal stå på privat konto til ein av foreldra.

Forslag om at FAU utarbeider kort informasjon om aktuelle løysingar.

SAK 5 – VEDTEKTER

FAU behandla forslag til reviderte vedtekter. Det vart mellom anna diskutert teieplikt, klassekontoar, vedtaksførleik, fleirtalskrav, årleg revisjon og utsending av saksliste.

Reviderte vedtekter vart godkjende.

SAK 6 – DIGITAL VEILEDER

Det blir arbeidd vidare med den digitale rettleiaren. Rettleiaren skal gjerast kortare, enklare og meir oversiktleg. Ingrid er teken inn i arbeidsgruppa.

Rektor undersøker om rettleiaren kan delast på foreldremøte. Foreldre som ønskjer å bidra i arbeidet, kan ta kontakt med Ingrid, Rune eller Guro.

SAK 7 – BUSS

FAU diskuterte utfordringar knytte til skulebuss, mellom anna manglande sitjeplassar og elevar som må opphalde seg i midtgangen. Det vart også teke opp at skulebussen kjem svært tidleg til skulen, og utfordringane dette medfører for elevane.

Rektor har sendt brev til fylkeskommunen med skulen sine synspunkt på bruk av rutebuss i staden for eigen skulebuss. Skulen meiner dette er ei uheldig løysing for skuleskyssen og har tydeleggjort dette overfor fylkeskommunen.

SU i Vrådal barnehage har skrive ei fråsegn, og Heidi har skrive ei fråsegn frå FAU som vil bli send til fylkeskommunen.

Det kom innspel om at det bør poengterast overfor fylkeskommunen at det har førekome situasjonar der ein bryt lova ved at elevar må stå i midtgangen og ikkje har sitjeplass. Saka blir følgd opp vidare.

SAK 8 – INFORMASJON OG SAMARBEID MED LÆRARANE

FAU ønskjer å styrkje informasjonen til lærarane om rolla til FAU og samarbeidet mellom FAU, klassekontaktar og skulen.

Det blir føreslått at dette blir teke opp den første veka etter haustferien. Det vart også understreka at god kommunikasjon mellom klassekontaktar og lærarar er viktig, mellom anna gjennom Visma.

Det må kome fram at det finst kontoar som tilhøyrer skulen, som klassane kan få tilgang til, til dømes til klassekasse. Dette er ukjent for mange.

SAK 9 – EVENTUELT

Ingen saker.

Neste møte: Det vart ikkje fastsett tidspunkt, då dette var siste møte før sommarferien.